

Søknad

Søknadsnr.	2013-0027	Søknadsår	2013	Arkivsak
Støtteordning	Bolyst 2013			
Prosjektnavn	Velkomen til Vik			

Kort beskrivelse

Snu ei negativ folketalsutvikling. Enkelte bygder står i fare for å miste viktige basistilbod og i verste fall bli avfolka.

To strategiar skal medverke til å nå hovudmålet:

- Prosjekt for tilflytting, innvandring og integrering: «Velkomen til Vik»
- Bygdeutvikling og bulyst

Det er peika ut 4 delprosjekt:

1. Tilrettelegging for bustad og folk i tomme hus
2. Arbeidsplassar og arbeidsmarknad
3. Verving, integrering og basistjenester for tilflyttarar
4. Møteplassar og utvikling av fellesgode

Prosjektbeskrivelse

Bulystprosjektet Velkomen til Vik er tufta på hovudutfordringa for heile Vik kommune som er å snu ei negativ folketalsutvikling. I prosjektet vil vi møte denne problemstillinga på to måtar; gjennom tiltak som styrkar bulyst og trivsel for dei som allereie bur i kommunen (og på den måte hindre fråflytting) og gjennom tiltak for ny tilflytting utanfrå. Tiltaka vil i mange tilfelle gå hand i hand og vere egna for både å oppretthalde bulyst og for å stimulere til tilflytting.

Vårt bulystprosjekt vil vere samansett av følgjande delprosjekt og tiltak:

TILRETTELEGGING FOR BUSTAD OG FOLK I TOMME HUS:

Tilgang til bustad kjem inn som ein grunnleggjande vurderingsfaktor for tilflytting. Samstundes som tilflyttarar finn det vanskeleg å få leige eller kjøpe bustad, opplever dei fastbuande i bygdene at hus og gardar står tomme store delar av året ettersom eigarane nyttar husa til feriebusad og ferieutleige. Som tiltak som både vil auke trivsel i bygdene og stimulere til tilflytting skal det satsast på:

1. Kartlegging av eksisterande bustadtilbod, tilgjengelege utleige- og salsobjekt ved hjelp av telefonrundar til huseigarar, brev og arrangement av bustadseminar
2. Etablere oppdatert register over tilgjengelege tomter/bustader
3. Inngå intensjonsavtaler med huseigarar om leige/sal
4. Syta for regulert/klargjort areal for utbygging i offentleg og privat regi
5. Restaurering av gamle hus til utleige m.a. med finansiering frå offentlege og private stønadsordningar

- a. Gjennomgangsbustadar - setje i gang nybygging ved etablering av ein modell og utprøving – t.d. etablere lokale aksjeselskap i grendene med kommunen som medeigar

STYRKING OG ETABLERING AV ARBEIDSPASSAR OG ARBEIDSMARKNAD:

Tiltak som stimulerer til etablering av arbeidsplassar og utviding av bu- og arbeidsmarknaden til innbyggjarane i Vik kommune er viktige kriterium for både bulyst og tilflytting. Vik kommune gjennomfører våren 2013 ei strategisk næringsanalyse der føremålet er å kartlegge utfordringar for næringslivet, og det reelle behovet for arbeidskraft i kommunen. Analysen vil gi ein oppdatert oversikt over

- eksisterande bedrifter med bemanning og kompetanse (private og offentlege)
- venta behov for arbeidskraft og kompetanse framover

Resultata frå arbeidet med Stadbasert læring og entreprenørskap i Fresvik viser òg til tiltak som kan styrke grunnlaget for busetnad i bygda, og opnar saman med næringsanalysen for moglegheiter og iverksetjing av tiltak i Fresvik.

Under dette delprosjektet skal det satsast på å etablere avtaler med bedrifter om tilbod om praksisplassar, språktrening o.l. for tilflyttarar.

ETABLERING AV OPPLEGG FOR VERVING, INTEGRERING OG BASISTENESTER FOR TILFLYTTARAR

Vinteren 2013 vert det gjennomført eit kartleggingsprosjekt der føremålet er å samle kunnskap og erfaringar om integrering i Vik og andre kommunar. Denne kartlegginga skal danne bakgrunn for eit vidare arbeid med å etablere gode opplegg for integrering og basistjenester for tilflyttarar som er tenkt å gå føre seg i form av:

1. Verving av tilflyttarar
 - a. Definere/identifisere målgrupper
 - b. Etablere kontaktnett i innflyttarmiljø i Vik kommune (ressursgruppe)
 - c. Utarbeide fleirspråkleg infomateriell som brosjyrar og digital publisering
2. Norskopplæring
 - a. Etablere eit fast tilbod for norskopplæring for framandspråklege og kombinere opplegg for flyktingar med arbeidsinnvandrarar
3. Utarbeide og iverksetje eit fast opplegg for velkomst
 - a. Lage info-materiell til innflyttarar
 - b. Etablere infoblad for innflyttarar: "Ny i Vik" - elektronisk og papirutgåve
4. Arrangere (faste) treff for innflyttarar: 2/ år (vår og haust)
5. Etablere frivillig fadderordning
6. Etablere kontakttelefon/rådgjevingsteneste for innflyttarar

ETABLERING AV MØTEPLASSAR OG FELLESGODE:

1. Etablering av nettside som marknadsfører kommunen og bygdene

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Vik kommune	-	99231313
Kontakt- person	Odd Rune Turvoll	-	99231313
Prosjekt- leder	Vil bli engasjert	-	-

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Prosjektet er eit hovudprosjekt med bakgrunn i at folketalet i Vik kommune har minka med om lag 200 personar siste 10 år. Statistisk sentralbyrå si middelsvekst MMMM framskriving viser 2600 innbyggjarar i 2024. Samanlikna med 2760 innbyggjarar i 2011 gjev dette reduserte inntekter til kommunen, og svekka grunnlag for tilbod og tenester. For utkantbygdene Fresvik og Arnafjorden vil vidare nedgang kunne true grunnlaget for basistilbod som skule og butikk.

Gjennom bulystprosjektet vil Vik kommune snu folketalsutviklinga gjennom ein kombinasjon av tilflytting og bygdeutvikling.

Prosjekt mål

Hovudmålet for prosjektet er å snu ei negativ folketalsutvikling i kommunen.

Ein vil oppnå eit innbyggjartal på 2800 innbyggjarar i 2024, i staden for 2600 slik SSB si middelsvekst MMMM framskriving tilseier.

Målet skal nåast gjennom dei to strategiane tilflytting og bygdeutvikling, og gjennom følgjande delmål/hovudfasar:

1. Å gjere Vik kommune og bygdene attraktive å flytte til gjennom etablering av gode basistilbod/tenester for tilflyttarar
2. Å tiltrekke nye innbyggjarar til kommunen og bygdene gjennom kontakt mot målgrupper og aktive tiltak for busetting
3. Å gjere Vik kommune og bygdene til ein attraktiv stad å bu gjennom vidareutvikling av tilbod og tenester
4. Å arbeide for ein forbetring av infrastrukturen slik at innbyggerane i Vik kommune kan utvide sitt geografiske arbeidsområde

Måleindikatoren som viser om hovedmålet er nådd er vekst i folketalet. Bakgrunnstal om folketalsutvikling tilseier at berre auka tilflytting kan gje auka folketal i kommunen. Det er vurdert å vera størst potensiale i tilflytting frå utlandet.

Reknestykket nedanfor viser at det er behov for mellom 300 og 420 tilflyttarar over dei neste 12 åra. Talet avheng av om ein legg til grunn alternativ A eller alternativ B:

Stipulering av naudsynt tilflytting for å nå folketalsmålet:

Alt. A: Forutset at fødselsunderskot og innanlands flytteunderskot vert tilnærma uendra.

Alt. B: Forutset at fødselsunderskot er uendra og at innanlands flytteunderskot vert redusert med 10 pr. år

01. NAUDSYNT NETT AUKE /ÅR (2800-2750= 50. Dvs snitt ca 4 pr.år.):

Ein netto auke på 4 for begge alternativa

02. VENTA FØDSELSUNDERSKOT/ÅR I PLANPERIODEN (Gjennomsnitt siste 5 år =6,4):

Fødselsunderskot på 6 innbyggjarar/år for begge alternativa

03. VENTA NETTO UTFLYTTING (gjennomsnitt av siste 5 år= 26):

25 innbyggjarar flyttar ut i alternativ A

15 innbyggjarar flyttar ut i alternativ B

04. NAUDSYNT GJENNOMSNITTLEG NETTO INNFLYTTING/ÅR I PERIODEN (Sum 01+02+03):

Netto 35 personar må flytte inn ved A

Netto 25 personar må flytte inn ved B

05. NAUDSYNT INNFLYTTING I 12-ÅRS PERIODEN:

420 innflyttarar i alternativ A

300 innflyttarar i alternativ B

Måla med prosjektet korresponderar med hovudmålet med Bolyst-ordninga som er at kommunar i distrikts-Noreg skal bli meir attraktive å bu i og flytte til. Prosjektet i Vik er eit prosjekt som fremjer attraktive lokalsamfunn, heilt ned på bygdenivå der særskilt graden av innspel og deltaking frå innbyggjarane gjennom metodar for STADBASERT LÆRING OG ENTREPRENØRSKAP har stor overføringsverdi for andre kommunar og lokalsamfunn som står ovanfor liknande problemstillingar.

Forankring

Ny kommuneplan for Vik kommune vedteken av kommunestyret desember 2012 peikar på negativ folketalsutvikling som ei hovudutfordring.

Ny kommuneplan, kap 3.0 Overordna mål:

«Hovudmål for plan- og utviklingsarbeidet i Vik kommune er å snu folketalsnedgangen.

For planperioden gjeld fylgjande mål:

Snu folketalsutviklinga - 2800 innbyggjarar i 2024.

Eit viktig delmål er at kommunesenteret Vik og bygdene Arnafjorden, Vangsnes, Feios og Fresvik skal utviklast vidare som levande og attraktive lokalsamfunn .--»

Kap7.3 set opp viktige satsingsområde og tiltak for å snu folketalsutviklinga:

- Prosjekt for tilflytting, innvandring og integrering: «Velkomen til Vik»

- Bygdeutvikling og bulyst

Vik kommune har 12 års erfaring med busetting og integrering av flyktningar, i tillegg til lang erfaring med å ta imot 5-600 sesongarbeidarar i landbruket årleg. Kommunen hadde i 2004 og 2005 eit tilflyttingsprosjekt retta mot målgrupper i Nederland, Tyskland og Belgia, som òg dannar bakgrunn for arbeidet som skal gjerast framover.

Vik kommune har i sin økonomiplan for 2013-2016 sett av kr 500.000/år til Velkomen til Vik. Det er vidare i økonomiplanen for 2014-2016 sett av kr 5 millionar/år til oppføring av gjennomgangsbustadar. Ytterligere kr 500.000 vil bli tatt over kommunens driftbudsjett. Kommunens finansiering, inkludert investeringar, blir dermed kr 18.000.000 for heile prosjektperioden. Aktivitetar og tiltak som gjer kommunesenteret og bygdene Arnafjord, Vangsnes, Feios og Fresvik til meir attraktive lokalsamfunn skal utviklast. Utviklinga vil i stor grad være basert på Stadbasert læring og entreprenørskap.

Erfaringane frå m.a. tidlegare tilflyttingsarbeid er at det er utfordrande å skaffa hus og arbeid. Vi veit òg at ansvaret for integreringa av nye innbyggjarar må forankrast betre i heile kommunen for å lukkast.

Kommunen sitt hovudmål skal realiserast i tilflyttingsprosjektet Velkomen til Vik, der bygdeutvikling vil være eit vesentleg element.

PROSJEKT FOR TILFLYTTING, INNVANDRING OG INTEGRERING: VELKOMEN TIL VIK:

Tilflyttingsprosjektet "Velkomen til Vik" er tufta på bakgrunnstal om folketalsutvikling som tilseier at berre auka tilflytting kan gje auka folketal i kommunen. Det er vurdert å vera størst potensiale i tilflytting frå utlandet.

Prosjektet Velkomen til Vik vil ha ei tidsramme på minimum 5 år, med forlenging ved behov. Partar i prosjektet er Vik Kommune, NAV, Sogn og Fjordane fylkeskommune, næringslivet og frivillig sektor.

Dei mest aktuelle målgruppene for tilflytting er definert til å vere:

1. Innvandrara frå Nord-Europa: Skandinavia, Tyskland, Nederland, Polen, Baltikum.
2. Folk med tilknytning / røter i Vik: utflytta/under utdanning
3. Flyktningar

Det vil bli vurdert å samarbeide med nabokommunar og kommunar i regionen som arbeider med tilsvarande utfordringar kring folketalsutviklinga.

BYGDEUTVIKLING OG BULYST

Spesielt utkantbygdene Fresvik og Arnafjorden har gjennom dei siste ti åra hatt ei dramatisk nedgang i folketallet. Dette trugar grunnlaget for basistjenester og fellesfunksjonar. For desse bygdene er det særskilt behov for tiltak for å bremse/snu folketalsnedgangen.

Vik kommune vil i samarbeid med bygdelaga og andre lokale krefter utvikle bygdeutviklingsprosjekt som ein del av tilflyttingsprosjektet Velkomen til Vik.

Med stønad frå Vik kommune deltok representantar frå bygdelaget i Fresvik på pilotkurset Stadbasert entreprenørskap og læring i 2012. Kurset var eit poenggejvande kurs ved Universitetet for

miljø og biovitenskap der Ressurssenteret ved Sogn Jord- og Hagebruksskule var prosjektleiar.

Som ein vesentleg del av Velkomen til Vik vil ein nytte kunnskapen som 7 personar frå bygdelaget i Fresvik har tileigna seg gjennom studiet Stadbasert læring og entreprenørskap. Ein vil og vurdere å nytte andre grupper i regionen som har tileigna seg tilsvarende kunnskapar.

Gjennom oppgåver på kurset Stadbasert læring og entreprenørskap har deltakarane sett fokus på kva ressursar bygda har til rådvelde, med fokus på landskap, kultur og menneskelege ressursar. Desse ressursane dannar vidare grunnlag for korleis innbyggjarane på staden sjølv ser føre seg å løyse utfordringane for bygda. Resultata frå kurset samsvarer godt med fokusområdet tilflytting i kommuneplanen.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Vik Kommune

Prosjektansvarleg: Rådmannen

Prosjektleiar: Eigen prosjektleiar i engasjement.

Styringsgruppe: Kommunestyret

Referansegruppe/ arbeidsgrupper: Oppnemd av styringsgruppa

Lokale bygdeutviklingsprosjekt i Fresvik og Arnafjorden vil bli organisert som arbeidsgrupper i hovudprosjektet.

Det skal i prosjektperioden engasjerast ein prosjektleiar. Prosjektleiaren skal halde den raude tråden i prosjektet og samstundes vere den som aktiverar og motiverar dei involverte aktørane. Prosjektleiaren må vere ein person med faglege kvalifikasjonar innan kommunikasjon, synleggjering og prosjektleiing.

Samarbeidspartnere

- Bygdelaga: Utvikle og gjennomføre bygdeutviklingsprosjekta
- Vik Næringsssamskipnad: Utvikling av arbeidsplassar
- NAV: EURIS nettverket og lokal språkopplæring
- Distriktssenteret: Rådgiving
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: Rådgivar og samarbeidspartnar
- Lag og Organisasjonar: Sentrale deltakarar i bygdeutviklingstiltaka
- Nettverket av Næringsssjefar i regionen: Erfaringsoverføringar mellom kommunane.

Aktivitetar

1. Å gjere Vik kommune og bygdene attraktive å flytte til gjennom etablering av gode basistilbod/tenester for tilflyttarar
2. Å tiltrekke nye innbyggjarar til kommunen og bygdene gjennom kontakt mot målgrupper og aktive tiltak for busetting
3. Å gjere Vik kommune og bygdene til ein attraktiv stad å bu gjennom vidareutvikling av tilbod og tenester
4. Å arbeide for ein forbetring av infrastrukturen slik at innbyggerane i Vik kommune kan utvide sitt geografiske arbeidsområde

TILRETTELEGGING FOR BUSTAD OG FOLK I TOMME HUS:

Kartlegging:

- Kartlegging av eksisterande bustadtilbod, tilgjengelege utleige- og salsobjekt ved hjelp av telefonrundar til huseigarar, brev og arrangement av bustadseminar
- Etablere oppdatert register over tilgjengelege tomter/bustader
- Inngå intensjonsavtaler med huseigarar om leige/sal

Prosjektering og planlegging av gjennomgangsbustader:

- Setje i gang nybygging, særskilt gjennomgangsbustader - Etablere ein modell og prøve den ut – t.d. etablere lokale aksjeselskap i grendene med kommunen som medeigar
- Restaurering av gamle hus til utleige m.a. med finansiering frå offentlege og private stønadsordningar

Bygging:

- Bygging av gjennomgangsbustadar

STYRKING OG ETABLERING AV ARBEIDSPASSAR OG ARBEIDSMARKNAD:

Etablere avtaler med bedrifter om tilbod om praksisplassar, språktrening o.l. for tilflyttarar

ETABLERING AV OPPLEGG FOR VERVING, INTEGRERING OG BASISTENESTER FOR TILFLYTTARAR:

Verving av tilflyttarar:

- Definere/identifisere målgrupper
- Etablere kontaktnett i innflyttarmiljø i Vik kommune (ressursgruppe)
- Utarbeide fleirspråkleg infomateriell som brosjyrar og digital publisering

Norskopplæring:

- Etablere eit fast tilbod for norskopplæring for framandspråklege og kombinere opplegg for flyktningar med arbeidsinnvandrarar

Utarbeide og iverksetje eit fast opplegg for velkomst:

- Lage info-materiell til innflyttarar
- Etablere infoblad for innflyttarar: "Ny i Vik" - elektronisk og papirutgåve
- Arrangere (faste) treff for innflyttarar: 2/ år (vår og haust)
- Etablere frivillig fadderordning
- Etablere kontakttelefon/rådgjevingsteneste for innflyttarar

ETABLERING AV MØTEPlassar OG FELLESGODE:

- Etablering av nettside som marknadsfører kommunen og bygdene

Målgrupper

Prosjektet har tre målgrupper:

1. Tilflyttarar
2. Lokalbefolkning og lokale bedrifter som skal skape eit godt klima for tilflytting og bulyst
3. Andre lokalsamfunn som kan dra nytte av erfaringane frå prosjektet

Målgruppene vil bli involvert i prosjektet på følgjande måte:

1. Som brukarar av basistilbod og tenester og som del av kartleggings- og veringsdelen i prosjektet (behovsprøving)
2. Lokale bygdeutviklingsprosjekt i Fresvik og Arnafjorden organisert som arbeidsgrupper i hovudprosjektet. Kartlegging av behovet for arbeidskraft i bedriftene. Avtalar med bedrifter om praksisplassar for tilflyttarar.
3. Gjennom etablert møteverksemd overføre våre erfaringar til næringsjefane i regionen. Distriktssenteret vil bli involvert gjennom deltakelse i referansegruppa.

Resultat

- Etablering av gode basistilbod og tenester for tilflyttarar
- Vellukka verving av tilflyttarar gjennom kontakt og aktive tiltak for busetting
- Vidareutvikling av tilbod og tenester
- Folketalet 1.1.2016 skal vera minst det same som 1.1.2013.

Folketalet i skal deretter være aukande.

Effekter

RESULTAT: Etablering av gode basistilbod og tenester for tilflyttarar

MÅLOPPNÅING: Gjer bygdene i Vik kommune attraktive for tilflytting

RESULTAT: Vellukka verving av tilflyttarar gjennom kontakt og aktive tiltak for busetting

MÅLOPPNÅING: Gjev auka tilflytting til kommunen

RESULTAT: Vidareutvikling av tilbod og tenester

MÅLOPPNÅING: Gjer Vik kommune til ein attraktiv kommune å bu i

Moment som er avgjerande for denne måloppnåinga:

- at alle aktørar i kommunen bidreg til prosjektet
- at det lukkast prosjektet å etablere basistilboda innan bustad og arbeid
- finne rette person til prosjektleiarstillinga

Kvar i prosjektet det er størst risiko for at måla ikkje blir nådd:

- at bustadbehova ikkje vert dekt

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

1. 2013: Engasjere prosjektleiar
2. 2013–2014: etablering av gode basistilbod/tenester for tilflyttarar
3. 2014–2017: kontakt mot målgrupper for verving og aktive tiltak for busetting
4. 2013–2017: vidareutvikling av tilbod og tenester

Kostnadsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
01: Prosjektleiing	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	2 500 000
02: Kartlegging og avtalar om bustadar/tomter	50 000	100 000	100 000	50 000		300 000

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
03: Utvikling av modell for gj.gangsbustadar		500 000	500 000	500 000		1 500 000
04: Restaurering av gamle hus		500 000	500 000			1 000 000
05: Bygging av gjennomgangsbustadar		5 000 000	5 000 000	5 000 000		15 000 000
06: Bedriftsavtalar		200 000	200 000	100 000		500 000
07: Verving av tilflyttarar		100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
08: Norskopplæring		250 000	250 000	250 000	250 000	1 000 000
09: Opplegg for velkomst	100 000	200 000	100 000			400 000
10: Treff for innflyttarar		100 000	100 000	100 000	100 000	400 000
11: Frivillig fadderordning	50 000	100 000	100 000			250 000
12: Etablere og drive kontakt tlf / råd.g.steneste	50 000	125 000	75 000	75 000	75 000	400 000
13: Etablere og drive nettside	150 000	50 000	50 000	50 000	50 000	350 000
Sum kostnad	900 000	7 725 000	7 575 000	6 725 000	1 075 000	24 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
01: Vik kommune	500 000	600 000	5 700 000	5 600 000	5 600 000	18 000 000
02: Andre offentlege stønadsordningar				500 000	500 000	1 000 000
03: Lag og Organisasjonar / lokalsamfunn		150 000	150 000	150 000	50 000	500 000
04: Lokalt næringsliv		125 000	125 000	125 000	125 000	500 000
Kommunal- og regionaldepartementet	1 000 000	2 000 000	1 000 000			4 000 000
Sum finansiering	1 500 000	2 875 000	6 975 000	6 375 000	6 275 000	24 000 000

Geografi

1417-Vik

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Kommuneplan samfunnsdel langsiktig del 2012 - 2024.pdf	1 656 980	07.03.2013
Oppgåve-stadbasert, levert.pdf	3 056 163	07.03.2013
Tilflyttingsprosjekt -Notat rev. 18.2.13.pdf	354 137	07.03.2013